



Referat

Underutval - rus og psykiatri #4

27.08.2020

Møtestad:	Hovedbygg (bygg 1), store møterom, 1. etg og Skype
Til stades:	Frå kommunane: Gro Elnan, Eidfjord kommune, Siri Elvatun, Voss herad, June Eide Viken, Vaksdal kommune, Anne Merete Flekstad Vik, Kvam herad. Frå Voss DPS: Frédéric Larsen, Sissel Nedkvitne, Cathrine Stue Børhaug, Anne Kari Gjeraker, Bjørg Synnøve Skiple Aasan (frå kl 10:00) og Henriette H. Gjeraldstveit Frå Mental Helse Mari Herre, Voss
Ikkje møtt:	Siri Håheim, Ulvik kommune
Referent:	Henriette

Sak	Ansvar
<p>Status Voss DPS NKS Bjørkeli v/Frédéric Larsen <u>Helse i Hardanger</u> F. Larsen skal i møte med Helse i Hardanger vedr. 4-dagars behandling. Det nye helsetilbodet skal også rundt til fastlegane og informere om sine tilbod.</p> <p><u>Stillingssituasjon</u> Overlege ved døgn slutter og det vert tilsett vikar i 1 år. Langtidsplan er at LIS ved allmennpsykiatrisk poliklinikk, som er ferdig utdanna psykiater 2022, går over fast i denne stillinga. LIS døgn sluttar og det er tilsett ny som startar opp i løpet av september. Det er tilsett 3 nye psykologar ved allmennpsykiatrisk poliklinikk.</p> <p><u>Omorganisering</u> Avdelingsleiar Cathrine Børhaug informerer om at gruppepoliklinikken vert omorganisert og vil bli ein del av allmennpsykiatrisk poliklinikk. Alle tilbod ved gruppepoliklinikken held fram som tidlegare.</p> <p><u>Telefon- og Videokonsultasjon</u> Dette er tatt i bruk ved Voss DPS. Under korona-pandemien vart dette i stor grad nytta, men kontaktane siste tida har foregått hovudsakleg ved stadleg frammøte. Tilbodet om telefon-/Videokonsultasjon vert oppretthaldt framover.</p> <p><u>Forsking</u> Psykolog ved Voss DPS vil skrive doktorgrad og forske på behandling av unnvikande personlegheitsforstyringar.</p>	



<p>Øystein Vedaa arbeider som forskar og skal starte opp eit søvnprosjekt der det er ynskje at pasientar frå DPSet deltek. Pasientane vil få spørjeskjema tilsendt. Prosjektet vil foregå som e-meistring under påvente av oppstart av behandling. Det vil vera ei placebogruppe og ei intervensjonsgruppe. Dette er meint som eit ekstra tilbod til pasientane og det skal ikkje erstatta tradisjonell behandling.</p> <p><u>Nytt pasientadministrativt journalsystem</u> Helse Bergen og DPIane skal gå over frå Dips Classic til Dips Arena frå 16.november 2021. Det vil bli opplæring for alle som arbeider i programmet. Opplæringa vil skje puljevis i perioden veke 38-46.</p> <p><u>IPS</u> Evaluering av tilbodet i veke 43. Kvam og Mental Helse har positive erfaringar frå brukarar av tilbodet. S. Elavatun trekk fram Kirkens Bymisjon sin oppstart på Voss som har kome med ei svært godt og variert tilbod ut til brukarane. Tilbakemelding om allsidige arbeidsoppgåver og god innsats frå dei tilsette.</p> <p>Kontaktinformasjon: Avdelingsleiar, døgn: Anne Kari Gjeraker, tlf 41572246 Avdelingsleiar, poliklinikkane: Cathrine Stue Børhaug, tlf 45246187</p>	
<p>Status Kvam herad v/Anne Merete Flekstad Vik</p> <p><u>Stillingssituasjon</u> Fleire deltidstillingar har no gått over i fulltid. Alle ledige stillingar er besatt og rus- og psykiatritenesta er godt bemanna. Kommunepsykolog er tilbake etter fødselspermisjon, 40% permisjon ut året. F. Larsen opplyser om at ny LIS, Andreas K Dulsrud, ved Voss DPS vil ta imot pasientar ved utekontoret i Kvam. Det er også ynskje med ein behandlar til frå Voss DPS. Meir informasjon kjem når det er avklart.</p> <p><u>Kurs- og gruppetilbod</u> Mestrings- og belastningskurs samt pårørandemøter for rusavhengige er starta opp att. Sistnemnte med auka oppmøte og interesse. Cafè Påfyll er open annakvar måndag. Har ulike tema og innleiing til samtale. Tema rundt kva som påvirker psykisk helse.</p> <p><u>Samarbeid</u> Flekstad Vik ynskjer styrke kommunikasjon mellom kommune og DPS i krevjande saker. Dette bør vera eit samarbeid både med kommune, fastlegar og DPS. A.K Gjeraker og C. Børhaug er open om at de skal vera korte linjer og låg terskel for å ta kontakt med DPSet og om det skulle by på utfordringar kan avdelingsleiarar kontaktast direkte.</p>	
<p>Status Vaksdal kommune v/June Eide Viken</p> <p><u>Drift</u> Rus- og psykiatritenesta har hatt ein roleg sommar med normal drift. Dei vil auke gruppetilboda sine framover.</p> <p><u>Stillingssituasjon</u></p>	



<p>Rus- og psykiatritenesta ser behovet for kommunepsykolog. Dei har per i dag kommunepsykolog tilknytt avdeling for oppvekst som dei kan nytta i sakene der pasientane er mellom 18-20 år. Kari Hegge har gått av men pensjon og det er tilsett ny fastlege, Kristian Simonsen, som startar opp til hausten.</p>	
<p>Status Eidfjord kommune v/Gro Elnan <u>Stillingssituasjon</u> Legedekninga er fullstendig. Karin Flatabø Thrane er tilsett som einingsleiar for helse- og omsorg. Sosialeiar Laila Fenne har ansvar for rus i Eidfjord kommune, ho er delvis sjukemeld og sosionom Kristine Elise Kjerland er tilsett som vikar.</p> <p><u>Generelt</u> Til tross for mykje turistar i sommar har det ikkje vore nokre hendingar som har krevd bruk av akutt-teamet. Generelt roleg sommar ved rus- og psykiatritenesta.</p>	
<p>Status Voss herad v/Siri Elvatun <u>Sommaren 2020</u> Stor pågang i sommar med auking i psykooseproblematikk, bruk av politi og tvangsinnleggingar samt suicidtruslar. Det skal utarbeidast rutine for sistnevnte utfordring slik at personale har gode prosedyrar for handtering av denne problematikken.</p> <p>Det er rapportert tilbake om at ein del rus- og psykiatri pasientar har flytta frå Bergen til Voss, som resulterer i auka henvisningar til tenesta.</p> <p><u>Nytt prosjekt</u> Barn og unge i utanforskap.</p> <p><u>Stillingssituasjon</u> Sveinung Nygård er tilsett som kommunepsykolog for barn og unge og har det overordna ansvaret for kommunepsykologane. Tora Heggem startar opp i 20% og vidare til 100% når ho er ferdig med studiar. Det er utlyst ein tredje stilling som kommunepsykolog som skal bemannast. Psykologane skal tilknyttast avdeling for oppvekst.</p> <p><u>Korona-pandemi</u> Personale ved rus- og psykiatritenesta vart kalla ut til å foreta korona-testing og dette har gått ut over deira brukarar. Likevel har alle brukarar fått dei tenestene dei har krav på i vedtaket sitt.</p> <p><u>Nyte lokaler</u> Forventa å flytte inn i nye lokaler hausten 2021.</p> <p><u>Samarbeid</u> Det etterlysast betre kommunikasjon mellom etterspørsel og tilbod mellom DPS og kommune. Det vises til enkelttilfelle der DPS har vurdert pasientar til å ha behov for bustad med bemanning for pasient, der dette ikkje kan innfriast ved</p>	



<p>Voss kommune. Kommune opplever då brukar sin forventning og tillit til tilsette ved kommunen vert svekka når dei ikkje kan tilby dette. C. Børhaug viser til at det er viktig å ha fokus på gode funksjonskartleggingar ved DPSet og at kommune deretter vurderer behov og tilgjengelighet. S. Elvatun framhever at det generelt sett er svært godt samarbeid mellom kommune og DPS og at det enkeltsaker som kan forbedrast.</p>	
<p>Status Mental Helse v/Mari Herre <u>Oppstart</u> Startar opp att 7.september kl 18:00-20:00. Skal då ha kulturelt innslag, foredrag, sosialt og loddsal. M. Herre rettar førspurnad til Voss DPS om å halde foredrag. F. Larsen vil prøve få det til, men grunna kort varsel er det mogleg dette må utsetjast til eit seinare tidspunkt. Sissel Nedkvitne har vore i dialog med Mental Helse Voss vedr. fagleg utveksling.</p>	
<p>FORPROSJEKT: FACT/Ambulante tjenester Fyrste møte i år er gjennomført og plan framover er laga. Dette skal ut på høyring neste veke. Det skal innhentast erfaringar frå andre FACT-team. Blant anna vil FACT-teamet arbeide for betre utarbeiding av kriseplanar i samarbeid med både kommune, DPS og fastlege. F. Larsen etterlyser referat og rapport. Forprosjekt skal evaluerast i januar -21. Viktig at momenter frå integrasjon rus (AFR) kjem med.</p>	

Planlagt dato for møter 2020

26.11.2020 kl 09:00 – 11:30